

Vossamoro

Vossamoro har meir enn 14 års erfaring med tilrettelegging og gjennomføring av aktivitetar for grupper frå 8 – 400 deltakarar. Me tilbyr eit breitt spekter av vinter og sommar aktivitetar som passar for alle uansett alder og sko størrelse.

Vinterens Meistermøte

Vinterens Meistermøte er ein sosial og morosam aktivitet som passar for alle. Aktiviteten byrjar med litt informasjon, deretter vert gruppa delt inn i mindre lag som skal konkurrera mot kvarandre i 7 kjekke øvingar som til dømes øksekastning, labyrinten, to like, duell med hammaren og pusling. Stikkord i denne samanhengen er samarbeid, presisjon og taktikk. Me nyttar det flotte området ved Fleischers appartement som arena for aktivitetane. Her står utfordringane i kø, det er berre til å ta fram konkurranse instinktet og kjempa om å bli kåra til gruppa sitt MEISTERLAG. Etter aktiviteten samlast gruppa for ei oppsummering av resultatata og premiering av det beste laget.

Tid: 2 t
 Arena: ved Fleischers appartement
 Pris pr.pers: kr. 410 (min kr. 3800)
 Bekledning: vinter sko, praktiske varme ute klede, lue og vottar/hanska

